

Kleppe SFO

Årsplan 2026- 2027

Saman om ein god start!



INNHOLDSFORTEGNELSE:

- s.3 - Velkommen til Kleppe SFO
- s.4 - Kommunale retningslinjer for SFO
- s.5 – Kort om SFO
- s.6 - Info om personale opningstider
- s.7 - Info om betalingssatsar og oppseiing av SFO
- s.8 - Årshjul
- s.9 - Dagsrytme på SFO
- s.10 - Info om gruppeaktiviteter, måltid, skifteklede og telefonbruk, heimsending og registrering
- s.11 - Info om ferie SFO, SFO-skulesamarbeid og foreldresamarbeid
- s.12 - Forventningar til tilsette, forventningar til føresette, for sin henting og kontaktinfo.

VELKOMEN TIL KLEPPE SFO

Som føresett ønskjer du å gje barnet ditt ein god barndom og eit godt grunnlag for eit godt liv. Vi i Kleppe SFO vil støtte prosjektet ditt ved å bidra med å skape trygge rammer. På den måten vil barnet kunne nå måla sine og heile tida tørre å strekkje seg litt lenger.

Vi vil arbeide for at ditt barn skal få ein tydeleg plass her i SFO. Det betyr at ditt barn vert teke imot med sin personlegdom, sine talent og sine forventningar – ja, slik barnet ditt er.

Vi vil bidra til at ditt barn får ein plass i barnegruppa. Det er mange medelevar å leike med og ein ven eller to er gull verd. Samstundes er det ikkje alltid like lett å ha eit godt samspel med andre. Vi skal etter beste evne vere på vakt, følgje med og hjelpe barna med å tileigne seg dei ferdigheitene som trengs.

Vi vil at ditt barn skal føle tryggleik i skulesamfunnet. Vi er vaksne som verkeleg ønskjer å vere ein del av grunnmuren til ditt barn. Barnet ditt kan alltid koma til oss å be om litt hjelp og støtte, eller berre ein god samtale om det trengs.

Vi vil gjerne vere med på å gjere ditt barn mest mogleg robust. Det gjer vi først og fremst ved å framheva for eleven det eleven lykkast med, får til og meistrar. La eleven prøve og feile og finne ut av nokre ting heilt på eiga hand eller med litt støtte. Ingen er gode i alt, men alle er flinke til noko.



Kommunale retningslinjer for føresette med barn i SFO

- Vi ønskjer at alle barn har faste tider kvar dag/kvar veke og at det er minst mogleg endringar/beskjedar. Dette gjeld ikkje føresette som arbeidar turnus, dei er det egne avtalar med.
- Alle barn som skal gå heim sjølv, blir sendt heim heile eller halve timar

- For barn som blir henta, venlegast ikkje ring frå parkeringsplassen for å be om at barnet skal sendast ut.
- Alle påmeldingsfristar til skulen sine feriar må overhaldast. Det blir laga bemanningsplan ut frå påmelding, og det vil derfor ikkje vera mogleg å melda seg på i etterkant.
- SFO kan ikkje organisera og følgje opp avtalar om kven som går heim med kven. Alle avtalar må gjerast heime av føresette.
- Tilsette på SFO må halda seg til avtalar som ligg i Visma og ikkje til det barnet seier. Dersom føresette har gløymt å leggja inn endringar, må de ringa SFO for å gje beskjed.
- Alle beskjeder på Visma må leggjast inn før kl.10 same dag. Vi kan ikkje garantere at beskjedar som kjem seinare blir lest i tide.
- Det er føresette sitt ansvar å følgje opp klede og utstyr barnet har på SFO. SFO kan ikkje følgje opp beskjedar om å sende heim ulike klede. Føresette må sjølv komme på skulen for å gjere dette.
- Dersom barna ikkje er henta innan stengetid, fakturerer SFO kr.200,- pr påbegynt halvtime

KORT OM SFO

SFO skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktiviteter med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi omsorg og tilsyn.

Rammeplanen presiserer regelverket og hva som er verdigrunnlaget for SFO, og den beskriver innhold og arbeidsmåter i SFO. Kommunen eller den kommunen bruker til å oppfylle sin plikt etter opplæringsloven § 13-7 må følge rammeplanen, men rammeplanen åpner for lokale variasjoner og satsinger.

Skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod for barna i 1. til 4. klasse. Ved særskilte behov kan ein søkja om plass og for eldre elevar. SFO er eit tilbod til barna før og etter skuletid og på skulefrie dagar.

Hovudmålet til skulefritidsordningane i Klepp er å vere ein stad «der barn opplever å bli sett, høyrte og er ein aktiv del av eit inkluderande miljø».

SFO er ein del av skulen si totale verksemd, men og ein stor del av barna si fritid. Den frie leiken blir derfor vektlagt på SFO, og det blir tilrettelagt for at barna skal kunne utfalde seg etter egne ynskjer innanfor trygge rammer og med rettleiing av vaksne dersom det trengs. Gjennom leik får barna vere ilag og dei får utvikle seg sosialt både i store og små grupper, på tvers av kjønn, alder og interesser.

Klepp SFO følgjer dei same ordensreglane som elles gjeld ved Kleppe skule og arbeider med dei same sosiale måla. Dette gjer det stabilt og oversiktleg for barna.

Skulefritidsordningane i Klepp kommune har i fleire år arbeida etter vår eigen kvalitetsplan. Den, saman med den nasjonale rammeplanen frå 2021, skal styre innhaldet i Kleppe SFO framover. Korleis dette skal gjerast vert konkretisert i strategiplanen som er vedlagt. Strategiplanen skal vere eit arbeidsdokument for personalet i SFO, samt gje foreldre og andre interesserte innsyn i, og informasjon om målsetting og innhald.

Klepp SFO vil alltid søkja det å vere nyskapande. Vi har fokus på utvikling og er derfor med i Nettverket for SFO, kor vi hentar inspirasjon og idear.

Vi har no 5 Marte Meo praktiskarar ved Kleppe SFO, og dette skuleåret er det 2 nye frå personalet som startar på Marte Meo-praktiskar utdanning. I tillegg har SFO leder Marte Meo kollegaveilederutdanning.

Basane

Klepp SFO har frå hausten 2026 ca 165 barn på SFO, fordelt på fire basar. Det er omtrent same antal som 25/26, og vi gler oss stort til august. Vi vil sjølvstund dele oss i mindre grupper på basane i ulike aktivitetar. 1. trinn skal ha lokale i første etasje i D-bygget, medan 2. trinn vil ha base ved og i egne klasserom i andre etasje i same bygg. 3. trinn vil ha base i 1. etg i C-bygget og 4. trinn vil ha base i 1. etg i C-bygget. 3- og 4. trinn har base i same lokale og vil samarbeide mykje. Alle trinn har fellestid ute, og i feriar vil vi slå oss saman alt etter kor mange elevar som er påmelde. Vi har og samarbeid mellom basane i kvardagen. Endringar i personalsamansetninga kan sjølvstund skje i løpet av skuleåret. Vi har og inne ringevikarar og i periodar har vi inne medarbeidarar i ulike praksisar.

Personalet 26/27

Det kan bli endringar i løpet av året. Nokre i personalet jobbar 100% i skule og SFO, medan andre jobbar i deltidstillingar i ulike størrelse berre i SFO

Morgon SFO: I hovudsak vil vi rullere mellom Anne Cathrine er på morgonSFO fire dagar i veka saman med andre tilsette som og jobbar på SFO om ettermiddagane.

Pikachu/ 1.trinn: Ayten, Lars Kasper, Annelin, Sahra, Hilde, Janne, Sabrina og Najla

Bulbasaur/ 2. trinn: Berglind, Lidia, Malin, Farida og Emilie (2.års lærling)

Eevee/ 3. trinn: Marie, Linn Marte, Maria

Eevee/ 4. trinn: Shaima, Karin, Olav Magnus, Maja (2.års lærling)

Kokk: Monika Wojtasik

SFO- leiar: Jane Skår - 400 31 603, jane.skar@klepp.kommune.no

Opningstider på SFO

Vi har ope kvar dag frå skuleslutt til kl 16.30. Morgontilbodet er ope frå kl 07.00 til skulestart. Dei som skal på morgonSFO ønskjer vi skal vere på plass innan 7.45. Kjem dei etter det er vi midt i rydding og avslutning av morgonSFO og det beste er då om elevane ventar ute til skulen opner dørene til klasseromma kl 8.05. Det er vakter ute frå kl 8. Elevane kan berre bruke morgon SFO dei dagane dei har plass på SFO, då morgontilbodet er ein del av det ordinære tilbudet.

Vi treng å vite kven som skal bruke morgon-SFO, så legg det inn når du søker plass, eller gi beskjed så fort de veit om eit behov for å bruke tilbudet slik at vi har moglegheit for å justere antal tilsette på morgon SFO. Det er viktig for å kunne ta godt i mot alle som treng SFO før skuletid.

Ein kan velje å ha 100% plass, 80% (fire dagar), 60% plass (tre dagar gratis for 1,2 og 3 trinn) og 40% (to dagar gratis for 1, 2, og 3 trinn). Med så mange barn på SFO ser vi oss nøydd til å vere restriktive med “spesialordningar” for SFO plass, og ber dykk velje plasstilbod ut frå kommunens liste. SFO har ope heile skuleåret, òg på skulefrie dagar. Unntaket er: fem planleggingsdagar i året, juli månad, julafta, nyttårsafta og onsdag før skjærtorsdag (i påsken) og eventuelt andre “raude dagar”.

Alle som har SFO-plass kan bruke SFO i feriane på dei same dagane/vekene dei nyttar elles. **Vi sender ut påmelding til SFO i feriane i forkant, og det er viktig å melde barnet på innan svarfristen om de tenkjer å bruke plassen.** Då vi bruker påmeldingane når vi lagar arbeidsplanar for dei vaksne.

For at vi skal kunne fordele og bruke ressursane våre best mogleg for elevane, så treng vi informasjon om kven som ønskjer å bruke morgontilbodet og når elevane skal gå heim om ettermiddagane dersom dei skal gå heim sjølv.

Dersom det er ledig kapasitet i SFO er det mogleg å kjøpe einskilde dagar i løpet av skuleåret, men dette er unntaksvis. Dette er meint å vere ei hjelp dersom det kjem uventa ting i kvardagen, f.eks. sjukdom eller reising i samband med arbeid. **Det er ikkje mogleg å kjøpe einskilde dagar i skuleferiane.**

Planleggingsdagar for SFO skuleåret 2026/27 er: **3. og 18. august, 13.november, 4. januar og 7. mai.** SFO er stengt desse dagane.

Oppseiing av plass i SFO

Det er mogleg å seie opp plassen eller endre tilbod i løpet av skuleåret. [Forskriftene](#) for skulefritidsordningane seier: **“Skulefritidsordninga har ein månads oppseiingstid. Det gjeld òg for endringar i opphaldstida. Oppseiinga gjeld frå den 1. i kvar månad. 1.mai er fristen for å gje melding om at ein ikkje skal ha SFO-plass neste skuleår. Ved oppseiing av plassen etter 1.mai må det betalast ut august månad. Oppseiing av plassen må vera skriftleg.”** Vi ønskjer at oppseiingar og endringar vert lagt inn i Visma Flyt Skole (VFS) av føresette. Når ein har gjort det treng ein ikkje skrive ytterlegare mail eller brev om oppseiing. For å sjekke om oppseiing/endring er behandla må ein logge inn i VFS.

Skuleåra 2025-2026 og 2026-2027

1. - 3. trinn er del av den nasjonale ordninga om 12 timar gratis kjernetid i SFO.

Tilbod inklusiv morgontilbod		1.-3. trinn frå 01.08.26	4. trinn frå 01.08.26
5 dagar pr veke		kr. 1.610,-	kr. 4.015,-
4 dagar pr veke		kr. 870,-	kr. 3.475,-
3 dagar pr veke		gratis	kr. 2.915,-
2 dagar pr veke		gratis	kr. 2.355,-
Matpengar 5 dagar pr veke		kr. 295,-	kr. 295,-
Matpengar 4 dagar pr veke		kr. 240,-	kr. 240,-
Matpengar 3 dagar pr veke		kr. 180,-	kr 180,-
Matpengar 2 dagar pr veke		kr. 130,-	kr. 130,-

***) Det er innført ei nasjonal ordning om gratis kjernetid i SFO (12timar/veke) for elevar i 1.trinn frå august 2022, for 2.trinn frå august 2023 og for 3.trinn frå august 2024.



Ein betalar for SFO-plass i elleve like terminar i løpet av eit skuleår, august - juni.

Juli er betalingsfri.

Informasjon/ søknadsskjema om redusert foreldrebetaling kan du finne på Klepp kommune sine [heimesider](#).

INNHALD OG ORGANISERING VED KLEPPE SFO

August	September	Oktober	November
---------------	------------------	----------------	-----------------

<p>Sommarferie FerieSFO 4.-17. august SFO stengt 3 og 18. August (planl.dag)</p> <p>Stort fokus på å bli kjend Månadens leik: Hus- mus Fokusområde: Leik</p>	<p>Stort fokus på å bli kjend Hugs frist for på/avmelding til haustferien innan 09.sep</p> <p>Månadens leik: Snipp og snapp Fokusområde: Leik</p>	<p>Veke 41: Haustferie:Ferie-SFO 5-9. Oktober.</p> <p>Månadens leik: Femten gjelder Fokusområde: Leik</p>	<p>SFO stengt 13. November (pl.dag)</p> <p>Hugs frist for på/avmelding til juleferien innan 25.nov</p> <p>Månadens leik: Ein, to, tre rødt lys Fokusområde: Kultur</p>
<p>Juli</p> <p>SFO stengt heile månaden. God sommar!</p> 	<p>Årshjul Kleppe SFO 2026/2027</p> 		<p>Desember Juleferie</p> <p>FerieSFO 22, 23, 28, 29 og 30.desember 24, 25 og 31.desember stengt Månadens leik: Tikken - leiker Fokusområde: Kultur</p>
<p>Juni Sommerferie</p> <p>FerieSFO 23- 30. Juni Grillfest Avslutningstur til Vitenfabrikken for 4. trinn Månadens leik: Eit lite vink Fokusområde: Fysisk aktivitet og rørsleglede</p>			<p>Januar</p> <p>Stengt 1. og 4. januar (pl.dag) Oppstart skule og SFO 5. januar Hugs frist for på/avmelding til vinterferien innan 27.01 Månadens leik: Stikkball Fokusområde: Kultur</p>
<p>Mai</p> <p>SFO stengt 6., 7.(pl.dag) og 17.mai Hugs frist for på/avmelding til sommarferien innan 21.05 Månadens leik: Hoppe strikk og paradys Fokusområde: Fysisk aktivitet og rørsleglede</p>	<p>April</p> <p>30. April – den store SFO dagen</p> <p>Månadens leik: Hoppe tau Fokusområde: Fysisk aktivitet og rørsleglede</p>	<p>Mars Påskeferie</p> <p>FerieSFO 22. og 23. Mars. Stengt: 24-29 mars 16. Mars Kunstkafé</p> <p>Månadens leik: Boksen av Fokusområde: Mat og måltidsglede</p>	<p>Februar Vinterferie veke 7:</p> <p>SFO open 15-19. februar 6. februar: Samefolkets dag Hugs frist for på/avmelding til påskeferien innan 24.feb Månadens leik: Hali halo Fokusområde: Mat og måltidsglede</p>

Dagsrytme ved Kleppe SFO skuleåret 2025/2026

Klokka	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
07.00	morgonSFO	morgonSFO	morgonSFO	morgonSFO	morgonSFO
08.00	Ute/klasserom/ skule	Ute/klasserom/ skule	Ute/klasserom/ skule	Ute/klasserom/ skule	Ute/klasserom/ skule
12.15		SFO- innkryss			SFO- innkryss
12.30	SFO- personalmøte	Styrte eller frie aktivitetar/ grupper. Ute og inneleik.			Styrte eller frie aktivitetar/ grupper. Ute og inneleik.
13.00		De første gruppene spiser i kantina.			De første gruppene spiser i kantina.
13.25	SFO- innkryss				
13.40		De siste gruppene spiser i kantina	SFO- innkryss	SFO- innkryss	De siste gruppene spiser i kantina
13.45	Mat i kantina. Brødmåltid	Osteskiver	Mat i kantina Middag	Mat i kantina Havregryn/havre graut/ middagsrestar	Brødmåltid
14.15		Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik,			Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik,
15.00- 16.30	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik,	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik,	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik,	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik,	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik,
15.30	Fleire av dei vaksne går heim. Rom som ikkje er i bruk må vere ferdig rydda. Nokre gonger slår vi saman basar.	Fleire av dei vaksne går heim. Rom som ikkje er i bruk må vere ferdig rydda. Nokre gonger slår vi saman basar.	Fleire av dei vaksne går heim. Rom som ikkje er i bruk må vere ferdig rydda. Nokre gonger slår vi saman basar.	Fleire av dei vaksne går heim. Rom som ikkje er i bruk må vere ferdig rydda. Nokre gonger slår vi saman basar.	Fleire av dei vaksne går heim. Rom som ikkje er i bruk må vere ferdig rydda. Nokre gonger slår vi saman basar.
16.20	Rydding og klargjering for stenging	Rydding og klargjering for stenging	Rydding og klargjering for stenging	Rydding og klargjering for stenging	Rydding og klargjering for stenging
16.30	Vi stenger	Vi stenger	Vi stenger	Vi stenger	Vi stenger

Rammeplanen for SFO legg mykje vekt på at borna skal få vere medverkande i sin kvardag og i stor grad får velje kva dei vil gjere i fritida si. Vi legg difor opp til stor grad av valfriheit, og ønsker i stor grad at barna skal få velje aktivitetar både ute og inne. Nokre gonger må alle barna vere ute eller inne. Dette gjeld særleg perioden før mat og etter 15.30.

Gruppeaktivitetar

Vi tilbyr organisert gruppeaktivitet i SFO der vi tek utgangspunkt i barna sine interesser, alder, dei vaksne sin kompetanse og årstidene. Det vert til dømes forming, sløyd, musikk/dans, spel, matlaging, gym, turar og frileik. Vi håper og å kunne tilby tid i symjehall for dei eldste også dette skuleåret. Tysdag og fredag er dei dagane med mest organisert aktivitet. Dei fleste aktivitetane står i månadsplanen som vi publiserer på [heimesida](#). Nokre grupper må kanskje ha bindande påmelding som gjeld for eitt semester om gongen på grunn av ressursbruk, tryggleik og forutsigbarheit. (Eks:symjing og kanskje matgruppa) Det kjem eventuelt eige skriv om dette.

I tillegg til aktivitetar som basane planlegg, ønskjer vi i 26/27 å kunne tilby

- dans/musikk
- symjing/bading for 3-4 trinn
- Grupper/stasjoner med ulike aktivitetar

- Gymsal
- 4. klasseklubb ein fredag i månaden.

Desse aktivitetane er avhengig av at vi har nok bemanning til å gjennomføre dei på ein trygg og god måte.

Måltid

I august 2021 tok vi i bruk ny kantine og kjøkkenansvarleg har fått svært gode fasilitetar. Skuleåret 2026/27 vil alle etter planen ete i kantina. Barna får eit måltid kvar dag i SFO (to måltid i feriane). Det er brødmåltid to dagar i veka, ein dag med gryn/graut, ein dag med osteskive og ein dag med varm mat/middag. Barna får mjølk til brødmåltida om dei vil, elles drikk vi vatn. Barna får òg oppskoren frukt og grønnsaker kvar dag. Vi ønskjer å ha fokus på at barna skal få vanleg sunn mat og eit godt måltidsfellesskap. Frukost til morgon-SFO må elevane ha med sjølv, dersom dei ikkje har ete heime før dei kjem. Elevane må kome tidleg nok til at dei rekk å ete før vi rydder på morgonSFO kl 7.50/7.55.

Ekstratøy/skiftetøy

Barna må ha skiftetøy i garderoben. Det må vere minst eitt heilt sett skiftetøy, gjerne ekstra bukser og strømper. Dei yngste borna har eigen kasse eller korg til skiftetøy i garderoben. Det er fint om de foreldre hugsar å sjå etter i kassen med jamne mellomrom. 1. og 2. trinn har plass i same garderobe som på skulen. 3. trinn og eldre har liten plass i SFO- garderoben, og må i hovudsak ha skiftetøy liggande i skulegarderoben, og heller hente ved behov.

Barna må ha innesko eller tøflar. Dette er særleg aktuelt om hausten og vinteren, då dei lett vert våte i garderoben. Det er også lurt i forhold til evakuering ved brannalarm. Då går vi direkte ut utan å ta på utesko også om det berre er øving. Det er kaldt å gå ut utan sko.

Telefonbruk, registrering og heimsending

Dersom barna ikkje har kome til SFO etter skulen, kontaktar vi foreldra/føresette. Vi ringer ikkje heim om dei ikkje kjem på morgon SFO. Alle elevane blir “kryssa inn” når dei kjem og “kryssa ut” når dei går. **Det er viktig at dei som hentar barna i SFO gjer beskjed til dei vaksne når barnet går, slik at vi får “kryssa dei ut”.** (Obs! Det kan vise feil klokkeslett i visma på ettermiddagane då vi ikkje har nett ute og bruker papirlister, og vi kryssar ut i Visma i «bolkar» då innlogging krev litt tid.) Gje alltid beskjed dersom det er andre enn foreldra som skal hente barnet.

Alle dagsaktuelle beskjedar skal vere inne som merknad i visma innan kl. 10.00 den dagen det gjeld. Til dømes ved fri, endring i heimsendingstidpunkt el.l. Då kan vi justere ressursane på best mogleg måte. Merknadar og sjukdom som vert lagt inn kjem opp i krysselista vår. Meldingar i app kjem berre til dei som vert lagt til som mottakar. Om ein kun sender melding til ein vaksen på basen kan det vere sårbart med tanke på om beskjeden når fram eller ei.

Ved permanente endringer kan ein leggje det inn som merknad for ein gitt periode. Skriv at det gjeld kvar dag framover. Evt sende melding i visma til SFO-leiar, så kan ho legge inn endringane. Ikkje gi munnlege beskjedar til tilsette i forbifarten, når dei ikkje har moglegheit for å notere beskjeden. Då er det stor moglegheit for at det skjer feil. Legg alle slike beskjeder som merknad i Visma.

Vi er svært restriktive med utlån av telefonen til barna, og avtalar om besøk hjå venar m.m. må vere avtalt på førehand og lagt inn som merknad i visma. Vi kan heller ikkje gi beskjed heim om elevar som har avtale 2 blir på SFO eller går heim/blir med vener.

Heimsendingstidspunkt bør vere faste og skal haldast til heile og halve timar (eks kl. 15.00 eller kl. 15.30).

Elles er vi glade for at de kjem inn for å hente, slik at vi kan fortelje litt om dagen. Telefonar om at “barnet kan gå no” skal unngås då mange telefonar går ut over vaksentettleiken og tida vi har med barna! Ringelyden forstyrar også både vaksne og born i leiken.

Avtale 2: Elevar som har avtale 2 kan sjølv velgje om dei ønskjer å vere på SFO eller ikkje, og om dei er på SFO kan dei velgje når dei vil gå heim. Då ringer vi ikkje heim om dei ikkje kjem og gir ikkje beskjed heim når eleven går heim. Vi må få beskjed om at barnet skal ha fast avtale 2 frå føresette. Elevar kan ikkje gje beskjed om dette sjølv.

Ferie-SFO

Når det er skuleferie skal dei barna som er på SFO ha det ekstra kjekt. Vi går på turar og har diverse aktivitetar på skulen, bruker gymsalen, har julebord, diskotek, kino, grupper, spa, rebusar og idrettsdag er døme på det vi har gjort tidlegare. Alle får to måltid (ca kl 10.30 og kl 13.30) og frukt på feriedagane. Ingen treng å ha med niste med mindre dei skal ete frukost på morgon-SFO **før** kl 8. I forkant av kvar ferie blir de bedt om å fylle ut skjema om barnet kjem eller ei, kva for nokre dagar barnet kjem og kor lenge barnet skal vere på SFO. **Dei som ikkje melder på innan fristen kan ikkje kome i ferien, då vi bruker påmeldingane når vi skal lage arbeidsplanar og planleggje aktivitetar.** Det er viktig med mest mogleg reelle påmeldingar slik at vi kan bruke ressursane våre på best mogleg måte. Dei som har redusert plass i SFO må nytte dei same dagane i ferien som dei gjer elles. Hugs kjernetid frå kl 10.00–14.00. Dersom du har meldt på barnet og ser at de ikkje vil bruke plassen ein eller fleire av dagane i ferien likevel, blir vi svært takksame for beskjed om dette så raskt som mogleg.

Samarbeid skule og SFO

Skulen og SFO samarbeidar i det daglege og SFO er ein integrert del av skulen. SFO-leiar deltek til dømes på interne administrasjons- og leiarmøte, i innsatsteam, på fellestid med lærarar, trinnmøter o.l. SFO-leiar deltek òg på felles kommunale nettverksmøter. SFO er òg representert i møte angående enkeltelevar i samband med andre instansar. SFO og skule har i tillegg det same samværs- og ordensreglementet og jobbar mot dei same måla i det sosiale årshjulet.

Foreldresamarbeid

Vi ønskjer nøgde foreldre som er trygge på at barna blir tekne godt vare på og trivst hjå oss. Open kommunikasjon og samarbeid er viktig for å få til dette.

Vi lagar månadsplanar der de finn informasjon om aktivitetar og anna som gjeld SFO. På [nettsida](#) vår finn de meir informasjon og alle aktuelle skriv og skjema. Alle føresette får tilgang til visma-app ved oppstart. Dette er ein felles portal for utveksling av informasjon og beskjedar mellom skule/SFO og heimen, og er den viktigaste kommunikasjonsplattformen mellom skule/SFO og heimen.

Kvart barn har ein primærkontakt på SFO. Den vaksne har spesielt ansvar for å følgje opp barnet og å ta kontakt med foreldra ved behov. Dette gjer barnas kvardag tryggare og det er enklare å forhalda seg til, både for barn og vaksne. SFO har meir sporadisk foreldrekontakt enn det ein har i ein barnehage, men vi oppmodar dykk foreldre til å ta kontakt med oss om de ønskjer meir informasjon eller samtale. Det same gjeld for ris og ros – det er mykje lettare å verte betre med ærlege tilbakemeldingar!

Det vert foreldremøte i september - eigen invitasjon kjem. På foreldremøte vert det valt to SFO-foreldrekontaktar og ein av desse skal i tillegg sitje i FAU.

Eit godt samarbeid mellom føresette og personalet er heilt avgjerande for at barna skal trivast. De som føresette skal kunne ha klare å tydelege forventningar til oss vaksne. Vi har òg forventningar til dykk som føresette.

Forventningar til tilsette på Kleppe SFO

- Tilsette tek barna på alvor – viser interesse, forståing og omsorg

- Tilsette har fokus på at alle barn skal oppleve meistring
- Tilsette gjev positiv merksemd til positive handlingar
- Tilsette gjev det enkelte barn konstruktive tilbakemeldingar
- Tilsette legg til rette for leik som inkluderer alle
- Tilsette legg til rette for eit variert aktivitetstilbod
- Tilsette snakkar og samhandlar med barna på ein positiv måte
- Tilsette legg til rette for medbestemming, slik at barna opplever å bli høyrte og at deira meining blir tillagt betydning
- Tilsette er positive til innspel og tilbakemeldingar frå føresette
- Tilsette gir informasjon og tilbakemelding om forhold som gjeld det enkelte barn
- Tilsette overheld teieplikta
- Tilsette bidrar med å trene borna i sjølvstende

Forventningar til føresette

- Føresette bidrar til eit positivt miljø ved å vera bevisste på korleis ein omtalar SFO og skule.
- Føresette viser positive haldningar til dei andre barna på SFO
- Føresette gjev beskjed om forhold som kan ha betydning for barnet sin trivsel. (Personalet vil då betre kunne følge opp og gi barnet ekstra omsorg.)
- Føresette passer på at barnet sin ringeklokke (eller telefon) er i skolemodus/avslått heile den tida barnet er på skulen eller SFO. Aldri ring på barnet sin eining medan barnet er på skule eller SFO.
- Føresette gjev tilbakemeldingar, slik at kvaliteten på SFO-tilbodet kan bli endå betre
- Føresette gjev melding om fråvær, sjukdom, endringar i hentetid ol som merknad i Visma så tidleg som mogleg.
- Føresette følgjer med på informasjon frå SFO på Visma og på skulen si heimeside/informasjonskanal og gjev svar innan fristane som er sett.
- Føresette gjev beskjed innan oppsette fristar for kva for behov ein har i skulen sine ferie/fridagar, slik at SFO kan planleggja god bruk av personalet
- Føresette ser jamleg etter om barnet har tøflar og skiftetøy i garderoben

For sein henting

Dersom barna ikkje blir henta innan vi stengjer vert det utstedt eit gebyr på kr 200,- for kvar påbegynte halvtime. (sjå kommunale retningslinjer...) Personalet si arbeidstid sluttar kl 16.30. Det betyr i praksis at SFO-tilsett skal kunne låse dørene til tomme lokale kl 16.30. Føresette som hentar barnet har sjølv ansvar for at dei er ute i god nok tid. Dersom du har problem med å kome fram i tide, kan du ringje og vi er behjelpelege med å finne ei løysning. Får vi ikkje tak i føresette ved for sein henting har vi sjølvstendte rutinar som sikrar barna.

Allergiar

Ved Kleppe skule og SFO krev vi utfylt **allergiskjema og legerklæring på allergiar** for at vi skal kunne ta best mogleg omsyn og vere sikre på kva vi skal gjere om uhell skjer. Allergiskjemaet bør fyllast ut nøye og kan vere lurt å fylle ut saman med lege. [Min matallergi skjema](#) finn du her, eller på Kleppe skule si heimeside.

Kontakte oss?

Dagsaktuelle beskjedar må sendast i visma innan kl. 10.00. Treng du kontakt etter at SFO har opna må du nytte telefon då vi ikkje har wifi ute.

Leiar er normalt å treffe kvar dag mellom 08.00 – 14.30.

Telefonnummer følger trinnet ut 4. klasse.

Pikachu (1. trinn): 908 70 893
Bulbasaur (2. trinn): 909 53 269
Eevee 3. trinn: 477 81 197
Eevee 4. trinn og eldre: 908 21 157
SFO-leiar: jane.skar@klepp.kommune.no Tlf: 400 31 603
Heimeside: <http://www.minskole.no/kleppe>

Strategidokument 2026-2027

Kleppe SFO Saman om ein god start!

Visjon, mål og verdigrunnlag

Visjonen til Klepp kommune «Med blikk for alle» ligg, saman med rammeplanen, til grunn for arbeidet vårt.

Verdigrunnlaget til SFO, forankra i den nasjonale rammeplanen, byggjer på grunnleggjande verdiar som òg gjeld for barnehage og grunnsopplæring. Verdigrunnlaget skal prege alt arbeid og innhald i SFO.

Verdi-grunnlaget	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
Eigenverdien til barndommen	<i>Barndommen har ein eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje behovet barna har for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit for meningsfull fritid og lek. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald lek og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn</i>	Gjennom godt samarbeid med heimane. SFO skal være tilgjengelege ved behov. På Kleppe SFO set vi opp ulike aktivitetar der barna kan velje kva dei vil delta på. Aktivitetar som for eksempel tur, kan ikkje barna velje vekk utan at det er heilt spesielle grunnar for dette. Vi jobbar for barns medverknad samtidig som vi har nokre faste ting alle må vere med på. Om eit barn vil kvile med ei bok eller fargelegging, legg vi til rette for dette. God relasjon til og kommunikasjon med barna vil være avgjerande for at barna skal føle seg sett og høyrte.

<p>Tryggleik, omsorg og trivsel</p>	<p><i>SFO skal vareta og møte behovet som barna har for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrslø og anerkjening. Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel og for utvikling av empati. I SFO skal kvart enkelt barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og givast moglegheiter for å gi omsorg SFO skal fremje den fysiske og psykiske helsa til barna og bidra til at dei opplever glede og meistring</i></p>	<p>På Kleppe SFO skal dei vaksne være tett på barna, jobbe med gode relasjonar og involvere seg i leiken. Dei vaksne er bevisste på språket sitt og at dei er tydelege i forventningar og beskjedar. Det gjer barna trygge, dei vaksne er gode rollemodellar og i tillegg blir den gode tonen sett. Dei vaksne gjev tilbakemeldingar på positive handlingar og er heile tida på "jakt" etter det som er bra. Vi jobbar ut i frå at «det du gir mest merksemd, får du meir av». Handlingar som skil seg ut i positiv retning får ofte høglytt ros. Vi jobber for å gi kvart einskild barn den støtten dei treng for å meistre i leik og samspel. I august og september er det stort fokus på å bli kjent med kvarandre og med rutinar. Reglar vert repetert jamleg. Vi har enkle dagsplanar på veggen på kvar base. SFO har rutinar for å sjekke at alle barna blir sett og for å kartlegge relasjonar mellom vaksne og barn. Avgrensa uteområde i utetida gjer at dei vaksne lettare fangar opp om nokon vert gåande åleine. Fysisk aktivitet er viktig for alle, spesielt sidan det og påverkar den psykiske helsa i stor grad. Difor legg vi til rette for mykje leik og bevegelse i utetid. Vi snakkar og om at alle ikkje kan alt, men alle er gode i noko. I alle aktivitetar ønskjer vi at barna skal oppleve meistring. Det betyr mykje for barnet.</p>
<p>Mangfald og inkludering</p>	<p><i>Respekt for ulikskap og anerkjening av mangfald skal leggjast til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne dei ulike føresetnadene, perspektiva og erfaringane til barna kan SFO bidra til at barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og til eigen og andre sin kultur og erfaringsbakgrunn.</i></p>	<p>Gjennom samtalar legg vi til rette for at barna skal sjå på ulikhetar og mangfald som ein styrke. Vi snakkar mykje om at alle er gode til noko og ingen i alt, samt viktigheita av å respektere og anerkjenne alle. I hovudsak får barna velje sjølv kva dei vil gjere og kven dei vil vere med, men nokre gonger set dei vaksne saman grupper der barna må øve på å vere med nokon dei ikkje kjenner like</p>

		<p>godt. Når vi øver på å vere i lag tileignar vi oss viktige eigenskapar. Vi arrangerer internasjonal veke på hausten. Der får barna lære om kvarandre sine land og kultur/tradisjon og smake på mykje ny mat. Vi har fleire tilsette frå mange ulike land som bidreg til å gjere Kleppe SFO til ein plass for alle, uansett bakgrunn. Vi har faddarbarn – Camila.</p>
Skaparglede, engasjement og utforskartrøng	<p><i>Ved å ta utgangspunkt i skaparglede, engasjementet og utforskartrøng til barna skal SFO gi ei god ramme for heilskapleg utvikling og læring. Læring i SFO går først og fremst føre seg gjennom leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med personalet i SFO. SFO skal anerkjenne at å leike er ein typisk veremåte blant barn, og at leiken har ein eigenverdi. SFO skal prioritere tid og rom for leik</i></p>	<p>Barna får god tid til å leike fritt både inne og ute i løpet av SFO-tida. Dei vaksne skal leggje til rette for varierte aktivitetar som barna i stor grad skal få velje sjølv om dei vil delta i. Barns medbestemming skal stå høgt. Dei vaksne skal vere til stades i leiken og rettleie der det trengs. På den måten vil og dei vaksne kunne fange opp kva som engasjerer barna og jobbe vidare ut i frå det.</p>
Demokrati og fellesskap	<p><i>SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av eit likestilt samfunn der alle har moglegheit til å bli sett og høyrte.</i></p>	<p>Dette jobbar vi med i det daglege, både i samtalar med barna og gjennom rettleiing i “her og no”-situasjonar. Vi har jamleg barnemøter der vi diskuterer ulike ting som er aktuelt. Ved ei avstemming vil fleirtalet/demokratiet bestemme. Vi får og øvd oss på at ting ikkje alltid blir heilt slik vi hadde ønska. Dei vaksne jobbar for å utvikle og oppretthalde gode haldningar hjå barna. Vi ønskjer at dei skal tenkje «vi og oss» i staden for «eg, meg og mitt». Barna får etter tur ansvar for ulike gjeremål som gagnar fellesskapet. Dei blir meir sjølvstendige og veks på utfordringane.</p>
Berekraftig utvikling	<p><i>Berekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdiar, haldningar og handlingar som fremjar ei berekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.</i></p>	<p>Vi tek nokre gonger med oss posar på tur slik at vi kan plukke søppel. Vi har gjerne samling der vi sorterer avfallet vi finner. Vi ryddar etter oss på turane våre. Inne kjeldesorterer vi mat, rest og papir. Vi forsøker å bruke materiale vi har tilgjengeleg, gjenbruk, ting frå naturen i aktivitetar/kunst ol.</p>

		Kokken nytter så mykje av matrestane som mogleg, dette tek vi barna med på, og snakkar med dei om dette.
--	--	--

Innhaldet i SFO

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
Leik	<i>Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal leggje til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring.</i>	Vi legg til rette for mykje leik og variert leik kvar dag gjennom heile året. Dei vaksne skal vere tett på for å fange opp det som skjer og rettleie barna på best moglege måte. Vi skal gjennom heile skuleåret forsøke å fornye leikesonane våre og spele på det som fengjer barna slik leiken kan stimulere til utvikling og læring. Elevane skal stort sett få velje leik etter egne interesser og ønske. Fokusområde i august, september og oktober
Kultur	<i>Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd</i>	Vi har mykje formingsaktivitetar i SFO der barna blir kjent med ulike materialar og teknikkar. Vi arrangerer kunstkafe ei gong i februar/mars. Her får barna selje nokre av kunstverka sine til inntekt for fadderbarnet vårt, Camila. Fokusområde i november, desember og januar.
Fysisk aktivitet og bevegelsesglede	<i>SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. SFO skal leggje til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør leggje til rette for aktivitetsformer som kan bidra til rørsleglede, og som oppstår i leik saman med andre barn. SFO bør leggje til rette for at barna kan vere utandørs ein del av tida dei er i SFO kvar dag. SFO kan vurdere korleis område i lokalmiljøet, til dømes skogholt, andre naturområde eller aktivitetsanlegg, kan brukast i leik, utforsking og fysisk aktivitet.</i>	Vi legg til rette for mykje fysisk aktivitet i utetida på det etter kvart veldig flotte uteområdet vårt. Vi nyttar gymsalen etter tur og tek elles i bruk nærområdet flittig. (Skog, idrettsanlegg, leikeplassar mm) Vi har bading for 3. og 4 trinn kvar veke. Fokusområde i april, mai og juni

<p>Mat og måltidsglede</p>	<p><i>SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar.</i></p> <p><i>Når mat blir servert i SFO, bør SFO leggje vekt på eit helsefremjande kosthald og byggje på kostråd frå Helsedirektoratet, og dessutan leggje vekt på berekraftige matvanar og forbruk.</i></p> <p><i>SFO bør leggje til rette for måltidsglede med gode samtalar, deltaking og oppleving av fellesskap hos barna. Å lage mat saman i SFO kan gi barna erfaring med korleis dei sjølv kan lage enkle og sunne måltid, og korleis dei saman med andre kan skape trivelege rammer rundt måltidet</i></p>	<p>Ved måltid er det tid for gode samtalar og barna får fortelje fritt og dele med andre. Barna øver på å lytte til andre, vente på tur og det å snakke til fleire tilhøyrarar.</p> <p>Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO.</p> <p>Personalet deltek aktivt i måltida.</p> <p>Alle vaskar hender før vi et og kjeldesortering gjer vi både i kantina og elles på basane.</p> <p>Kokken vår og personalet er kjent med kostråda og gjer så godt vi kan innanfor tid og budsjett når det kjem til sunne, berekraftige matval.</p> <p>Kokken vår er god til å ta i bruk alle matrestar.</p> <p>Vi har faste matgrupper for 2.,3. og 4. trinn.</p> <p>Fokusområde i februar og mars.</p>
----------------------------	---	---

Ei inkluderande skulefritidsordning

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
<p>Inkludering i SFO</p>	<p>SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhøyrslle og sosialt fellesskap med andre barn og med personalet. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald. Fellesskap kan opplevast i større eller mindre grupper, og i leik og tilrettelagde aktivitetar. Personalet skal observere leiken og aktivitetane til barna, vurdere om alle barn blir gitt moglegheiter for deltaking, og med utgangspunkt i interessene til barna leggje til rette for at alle barn kan delta.</p>	<p>På Kleppe SFO har vi gjennom året aktivitetar i grupper på tvers av alder og klasse, slik at barna får moglegheit til å danne venskap med andre enn dei i klassen. Felles utetid bidreg også til dette.</p> <p>Som under «mangfald og inkludering»: Gjennom samtalar legg vi til rette for at barna skal sjå på ulikhetar og mangfald som ein styrke. Vi snakkar mykje om at alle er gode til noko og ingen i alt, samt viktigheita av å respektere og anerkjenne alle.</p> <p>Dei vaksne i SFO kjenner godt til viktigheita av å kjenne på tilhøyrslle. Dei vaksne skal vere tett på barna for å kunne sørge for at alle vert inkludert i leik. I tillegg til å høyre med barnet sjølv, samarbeider SFO og med kontaktlærarar/miljøpersonell i skulen om vi mistenkjer ekskludering.</p>

Samarbeid i skulefritidsordninga

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
Overordna om samarbeid	<p><i>Omsynet til barnas beste skal liggje til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlege instansar.</i></p> <p><i>SFO skal leggje til rette for god dialog og samarbeid med foreldra. SFO skal gi foreldra informasjon om tilbodet, avklare gjensidige forventningar og leggje til rette for at foreldre kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten</i></p>	<p>Vi ser på SFO som ei naturleg forlenging av skuledagen. Skule og SFO samarbeider på mange vis. SFO-leiar er ein del av skuleleiinga og deltek på møter med dei andre SFO-leiarane. SFO er òg representert i møte angående enkeltelevar i samband med andre instansar. SFO og skule har i tillegg det same samværs- og ordensreglementet og jobbar mot dei same måla i det sosiale årshjulet. Ved foreldremøte tidleg i september informerer SFO godt om innhald og forventningar. Dette står og godt beskrive i årsplanen vår. Vi er heile tida mottakelege for innspel og tilbakemeldingar, og ønskjer eit godt samarbeid og god kommunikasjon. Ta kontakt om du treng eit møte med oss. SFO har eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Vi kjenner og til meldeplikta til barnevernet.</p>
Overgangs-arbeid frå barnehage til skule	<p><i>SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skole og SFO saman med skolen og barnehagen, jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a.</i></p>	<p>SFO deltek på foreldremøte, trekantsamtalar og overføringsmøter i forkant av skulestart. SFO arrangerer to stk bli kjent kvelder (KOS-kvelder) i april/mai slik at barna får moglegheit til å bli litt kjent med kvarandre, dei vaksne og miljøet.</p>

Kvalitetsutvikling

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
Overordna om kvalitetsarbeid	<p><i>Ein viktig del av arbeidet med kvalitetsutvikling er at personalet, med bakgrunn i erfaringane sine frå det daglege arbeidet i SFO og gjennom observasjon av barna i den daglege leiken og aktivitetar, kan reflektere og utvikle kompetansen sin og vidareutvikle praksisen for verksemda.</i></p> <p><i>SFO skal vere eit fellesskap og ein lærande organisasjon som jamleg vurderer og vidareutviklar praksisen sin.</i></p>	<p>SFO driv kompetanseheving både for seg sjølve og i samspel med skulen sitt øvrige personal.</p> <p>Det vil bli laga ein plan for kompetanseheving ved Kleppe SFO i starten av skuleåret som skal omfatte nasjonal rammeplan, sosial kompetanse og Marte Meo. SFO leiar er utdanna Marte Meo kollegaveileder, og vi bruker det aktivt for å utvikle oss og få til enda betre relasjonar og måtar å møte barna på.</p> <p>Vi vurderer praksisen minst to gonger i året og i tillegg kjem brukarundersøkinga anna kvart år.</p>
Planarbeid	<p><i>SFO skal planleggje innhald og arbeidsmåtar, og arbeidet skal evaluerast jamleg. Planlegging gir personalet grunnlag for å reflektere og jobbe langsiktig og systematisk for å utvikle verksemda. Planlegginga skal ta utgangspunkt i lokale forhold og bidra til å realisere rammeplanen for SFO. Arbeidet skal vere basert på inkludering og medverknad frå barn.</i></p> <p><i>Kvar enkelt SFO skal utarbeide ein årsplan eller ein tilsvarande plan som skal vise korleis SFO omset verdigrunnlaget og innhaldet i rammeplanen til praksis. Planen skal vere ein arbeidsreiskap for personalet, og bidra til å gi informasjon til foreldre og andre samarbeidspartnarar</i></p>	<p>Personalet ved Kleppe SFO har personalmøte på ca 50 minutt ein gong i veka. Desse er delt opp i ulike møtetypar for å kunne dekkje heile behovet. Vi har eigen møteplan for dette. Elles nyttar vi plandagane godt. Barna får medverke til innhald i det daglege i tillegg gjennom barnemøter/samlingar og ønskjer i kvardagen.</p> <p>Kleppe SFO publiserer ny årsplan for SFO innan 1. august kvart år. Før skulestart kjem i tillegg årshjul med viktige datoar. (Årshjulet ligg og i årsplanen)</p>